

Lindås Idrettsråd (heretter kalla LIR) set stor pris på samarbeidet med kulturkontoret i fordeling av kulturmidlar idrett. LIR har ein samla kompetanse og oversikt som me meiner er nyttig for kulturkontoret i arbeidet med fordelinga og det er i tråd med inngått samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og Lindås Idrettsråd.

1. LIR har merknader til fordeling av driftsmidlar idrett innan NIF medlemmer

Nytt 2017 er auking i midlane til kulturføremål med kr. 300 000,- der kr.115 800,- går til idrett. Dessverre for medlemslaga i Lindås Idrettsråd kjem det ikkje ei einaste krone i auke på driftsmidlar, dei står uendra med same sats som 2016 i tildelinga for 2017, det betyr at auka midlar til faller Aktivitet/Prosjekttilskot og Investering. Vi er svært skuffa over at ei auking av kulturmidlar ikkje fell på oss som er medlemslaga i Lindås Idrettsråd og er den største organiserte aktøren innanfor idrett i Lindås kommune, her må tildelinga endrast og ein må ha ei rettferdig fordeling av kulturmidlar Idrett for 2017.

Ei anna sak er driftstilskot, som er ei tildeling pr. medlemmer og som i utgangspunktet kan tildelast utan at ein må søkje om desse midlane for dei 17 laga som er tilknytt LIR og Norges Idrettsforbund. Kultureininga har tilgang til all informasjon som ein treng for å gjere ei slik tildeling pr. år, noko som og vil føra til mindre administrativt arbeid og med samarbeids avtalen vil og LIR kvalitetssikra dei tildelingane som føreligg.

Kulturrådet ser dette og som meir naturleg at ein kun søkjer om ein pott, og laga v/styra kan bruke midlane dei får slik ein sjølv ynskjer

NIF har gjort endringar pga. krav med nytt medlemssystem slik at LIR ikkje kan legge frem tala for gjeldande års idrettsregistrering før etter 30. april dei neste åra, eller frem til annen endring blir føretatt.

2. LIR si handsaming av kulturmidlar idrett – aktivitet, prosjekt og investering:

LIR har i år fått tilsendt saksframlegg arkiv nr. 16/3627 som grunnlag for behandlinga av søknader og føreslått tildeling pr. lag/organisasjon. LIR kan derfor ikkje gje detaljert uttale av einskild søknader.

Samarbeidsavtalen mellom Lindås kommune og LIR er og eit viktig dokument i denne saka.

LIR stiller spørsmål ved tildelingane av Driftstilskot og investering ikkje medlemmar av Lindås Idrettsråd.

Driftsmidlar ikkje medlemmar av Lindås Idrettsråd

Ser at desse er auka med 13 400,- i forhold til 2016 tildelinga.

5 søkjarar, der 4 oppnår tildeling og vi ser her klart ein urettferdig tildeling i prosent. En av søkjarane oppnår nærast 100% tildeling.

Aktivitets og prosjektstøtte

Ser og at desse er auka med kr.47 000,- i forhold til 2016 tildelinga.

8 søkjarar der 7 oppnår tildeling. Grunnlag for tildeling kan ein sikkert diskutere mykje om spesielt kva prosentats som ligg som grunnlag for ei rettferdig fordeling ut frå søkte midlar.

2 av søkjarane tilhøyrar ikkje Lindås kommune, den eine har fått kr. 0 i tildeling og den andre kr. 4000,- begge burde vært avslått.

Nordhordland Turlag med 1 søknad og NBK med 5 søknader er da de einaste som søker om aktivitets og prosjektstøtte, og dei laga kan da få opp mot 50% auke fordi det her er lagt den største potten av auka kulturmidlar Idrett for 2017. Rettferdig i forhold til dei andre medlemslaga?

Investering

Ser og at desse er auka med kr.21 500,- i forhold til 2016

Kvifor har ikkje desse søkjarane oppførte medlemstal slik krava for kulturmidlar krev?

I saksframlegg arkiv.nr.16/3627 Investering kjem det ikkje klart fram at Alversund Klatreklubb er ein av søkjarane, dei ligg under Lindås Skyttarlag.

Her ser ein at tildelinga er 50% av det ein søker om, ber innstendig om at medlemstal synleggjerast i saksframlegg med vedlegg og for desse laga/organisasjonane.

Idrettsplanen som er godkjent har og inne tiltak av same type som det Lindås Turlag har søkt om, med oppstart 2017 og ein ser det som meir naturleg at midlane blir tatt frå den potten.

Med Hilsen

For Lindås Idrettsråd, Knarvik 12.05.2017

v/ Leiar Ketil Porsmyr(sign)

E-post: lindaas.idrettsraad@gmail.com